

KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 1114/2010

2015/EØS/58/32

av 1. desember 2010

om fastsetjing av nærmare reglar for gjennomføring av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for kvaliteten av vektorer i HKPI, og om oppheving av kommisjonsforordning (EF) nr. 2454/97 (*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 2494/95⁽¹⁾ av 23. oktober 1995 om harmoniserte konsumprisindeksar, særleg artikkel 3, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Harmoniserte konsumprisindeksar (HKPI-ar) er harmoniserte inflasjonstal som Kommisjonen og Den europeiske sentralbanken krev for å kunne utføre oppgåvene sine i medhald av artikkel 140 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen. HKPI-ane er utforma på ein slik måte at det skal verte enklare å gjennomføre internasjonale jamføringar av inflasjonen i konsumprisane. Dei tener som viktige indikatorar for forvaltninga av pengepolitikken.
- 2) Etter artikkel 8 nr. 3 i forordning (EF) nr. 2494/95 skal vektene i HKPI ajourførast tilstrekkeleg hyppig til at krava om jamføring og pålitsgrad vert oppfylte. Dersom HKPI-ar byggjer på vektorer som ikkje vert ajourførte like hyppig, er det ein fare for at krava om jamføring og pålitsgrad ikkje vert oppfylte.
- 3) I kommisjonsforordning (EF) nr. 2454/97 av 10. desember 1997 om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for kvaliteten av veging i HKPI⁽²⁾ er det fastsett reglar som skal sikre at HKPI-ane vert utarbeidde ved hjelp av vektorer som er tilstrekkeleg pålitelege og aktuelle til å kunne nyttast i internasjonale jamføringar. Desse reglane bør no endrast, slik at det vert teke omsyn til utviklinga innanfor HKPI-området. Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, bør difor kome i staden for dei tiltaka som er fastsette i forordning (EF) nr. 2454/97, som bør opphevast.

- 4) I medhald av artikkel 9 i forordning (EF) nr. 2494/95 skal HKPI-ane vere prisindeksar av Laspeyres-typen. Når dei relative prisane på ulike varer og tenester endrar seg, kan utgiftsmønsteret til forbrukarane endre seg i eit slikt omfang at det vert naudsynt å ajourføre vektene til dei tilsvarande utgiftsgruppene, særleg dei underliggjande mengdene, for å sikre at dei er aktuelle.
- 5) I medhald av artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1749/96 av 9. september 1996 om innledende gjennomføringstiltak for rådsforordning (EF) nr. 2494/95 om harmoniserte konsumprisindeksar⁽³⁾ bør HKPI utarbeidast slik at han omfattar prisendringar for varer eller tenester som nyleg er vortne viktige, og dei relative utgiftene for desse.
- 6) Denne forordninga bør nyttast utan at det rører ved minstestandardane for handsaming av forsikringsvektorer i samsvar med kommisjonsforordning (EF) nr. 1617/1999 av 23. juli 1999 om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for handsaming av forsikring innanfor den harmoniserte konsumprisindeksen⁽⁴⁾.
- 7) Vektorer på hovudgruppe-, gruppe- og undergruppenivå i COICOP/HKPI⁽⁵⁾ skal ikkje variere frå månad til månad gjennom året, med mindre noko anna følgjer av føresegnene i kommisjonsforordning (EF) nr. 330/2009⁽⁶⁾ av 22. april 2009 med omsyn til minstestandardar for handsaming av sesongprodukt i dei harmoniserte konsumprisindeksane (HKPI).
- 8) Denne forordninga bør ikkje innebere at medlemsstatane skal utføre nye statistiske granskingar eller granskingar av familiebudsjett hyppigare enn ein gong kvart femte år, samstundes som det vert teke omsyn til at medlemsstatane skal utarbeide nasjonalrekneskapar i samsvar med det europeiske nasjonalrekneskapssystemet (ENS 1995⁽⁷⁾), og at vektene til kvar stat, som er naudsynte for å utarbeide aggregata for euroområdet og EU og andre HKPI-aggregat, byggjer på nasjonalrekneskapsdata.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 316 av 2.12.2010, s. 4, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 46/2011 av 1. april 2011 om endring av EØS-avtalens XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 37 av 30.6.2011, s. 56.

⁽¹⁾ TEF L 257 av 27.10.1995, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 340 av 11.12.1997, s. 24.

⁽³⁾ TEF L 229 av 10.9.1996, s. 3.

⁽⁴⁾ TEF L 192 av 24.7.1999, s. 9.

⁽⁵⁾ Klassifikasjon av individuelt konsum etter føremål, tilpassa behova i HKPI-ar.

⁽⁶⁾ TEU L 103 av 23.4.2009, s. 6.

⁽⁷⁾ Rådsforordning (EF) nr. 2223/96 av 25. juni 1996 om det europeiske nasjonal- og regionalregnskapssystem i Fellesskapet (TEF L 310 av 30.11.1996, s. 1).

- 9) Det er teke omsyn til prinsippet om kostnadseffektivitet i samsvar med artikkel 13 i forordning (EF) nr. 2494/95.
- 10) Den europeiske sentralbanken er vorten rådspurd i samsvar med artikkel 5 nr. 3 i forordning (EF) nr. 2494/95.
- 11) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for det europeiske statistikkssystemet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Mål

Målet for denne forordninga er å fastsetje minstestandardar for kvaliteten av vektorer i HKPI i dei harmoniserte konsumprisindeksane (HKPI-ane).

Artikkel 2

Definisjonar

I denne forordninga tyder:

- 1) «referanseperiode for vektorer» for ein HKPI: ein forbruks- eller utgiftsperiode på tolv månader, som danner grunnlaget for utrekninga av vektene for utarbeidinga av dei nyaste tala i HKPI-ane,
- 2) «delindeksar» dei delindeksane som er fastsette i kommisjonsforordning (EF) nr. 2214/96 av 20. november 1996 om harmoniserte konsumprisindeksar: oversending og formidling av delindeksar under HKPI⁽⁸⁾.

Artikkel 3

Minstestandardar for vektorer i HKPI

1. Medlemsstatane skal kvar månad i det inneverande året t utarbeide HKPI-ar på grunnlag av delindeksvektorer som speglar utgiftsmønsteret til forbrukarane i ein referanseperiode for vektorer, og som skal vere mest mogleg representative for utgiftsmønsteret til forbrukarane i det føregåande kalenderåret.
2. Difor skal medlemsstatane kvart år granske og ajourføre HKPI-delindeksvektene, samstundes som det vert teke omsyn til førebels nasjonalrekneskapsdata om forbruksmønstra for året t-2, bortsett frå i unntakstilfelle og tilbørleg grunngevn tilfelle,

og dessutan eventuelle tilgjengelege og aktuelle opplysningar frå hushaldsbudsjettgranskningar og andre datakjelder som er tilstrekkeleg pålitelege for føremåla med HKPI.

3. Når det gjeld vektorer under delindeksnivå, medrekna vektene for basisproduktgrupper slik det er definert i forordning (EF) nr. 1749/96, skal medlemsstatane nytte vektorer som er høgst sju år gamle.

4. Medlemsstatane skal årleg vurdere om det har vore viktige og vedvarande marknadsutviklingar som påverkar mengdene i COICOP/HKPI-underoppdelingane mellom dei periodane som det er gjort greie for i nr. 2 og 3, og i perioden t-1, for såleis å kunne rekne ut mest mogleg ajourførte vektorer. Forbruksutgiftene for COICOP/HKPI-underoppdelingane med kjende endringar som følgje av forvaltingsvedtak og for produkt på marknader i snøgg utvikling, skal særleg granskast.

5. Alle justeringar av vektene i medhald av denne artikkelen, tek til å gjelde frå og med indeksen for januar i året t. Vektene i HKPI for føregåande år skal ikkje endrast, men det skal likevel vere mogleg å rette feil i samsvar med artikkel 4 i kommisjonsforordning (EF) nr. 1921/2001 av 28. september 2001 om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for revisjon av den harmoniserte konsumprisindeksen, og om endring av forordning (EF) nr. 2602/2000⁽⁹⁾. Vektene i HKPI skal under alle omstende ta til å gjelde saman med indeksen for januar kvart år, og ajourførast i høve til prisane for den føregåande desember månad.

Artikkel 4

Kvalitetskontroll

Medlemsstatane skal på oppmoding frå Kommissjonen (Eurostat) sende han tilstrekkelege opplysningar om dei vektene som er nytta til å utarbeide HKPI, medrekna opplysningar om kva referanseperiode for vektorer som er nytta, resultatet av den årlege granskninga og kva justeringar som er gjorde, slik at det kan vurderast om føresegnene i denne forordninga vert etterlevde.

Artikkel 5

Gjennomføring

Føresegnene i denne forordninga tek til å gjelde seinast frå og med indeksen for januar 2012.

Artikkel 6

Oppheving

Forordning (EF) nr. 2454/97 vert oppheva med verknad frå januar 2012. Tilvisingar til den oppheva forordninga skal forståast som tilvisingar til denne forordninga.

⁽⁸⁾ TEF L 296 av 21.11.1996, s. 8.

⁽⁹⁾ TEF L 261 av 29.9.2001, s. 49.

*Artikkel 7***Iverksettning**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 1. desember 2010.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President
